



Snart blir det fleire hytter på Skorpo, nærare bestemt ved Søre Skorpevågen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Onsdag til veka skal forvaltningskomiteen ha det første møtet sitt etter ferien og ein sak frå Uskedalsområdet står på sakslista

Det gjeld det private forslaget til bebyggelsesplan ved Søre Skorpevågen på Skorpo der rådmannen innstiller på utleggjing til offentleg ettersyn. Planen omfattar eit område på knapt 10 mål og det blir planlagt tre nye hytter der.

Kåre Hauge på Nesttun er tiltakshavar og J. Tufteland fagkunnig konsulent. Planområdet har 60 meter eigen strandlinje. Planforslaget er stort sett i tråd med kommunedelplanen for området og tek i stor grad omsyn til innspela frå berørte partar, instansar og det faste utval for plansaker.